

Geir S. Hjetland

N - 6899 Balestrand, tlf. 48182628

www.geirhjetland.com

post@geirhjetland.com

"KYRA"

Litt om tankar og praktiske løysningar for "KYRA"

Modellen er i 1:10 det vil sei 4,30 m. til høgste punkt – horna.

Størrelsen kan justerast opp eller ned, eg har forholdt meg til eit menneske på 180m. og meiner dette er ein passeleg størrelse.

Volumet meiner eg er riktig som tredimensjonal form.

Kan tenkast at høgda frå magen og ned er litt på kanten av det som er lovlig høgde for leikeapparat, det vert kanskje nødvendig med eit sand område rundt steigen, dette må avklarast.

Volumet på kalven er avgjerande for størrelsen på "oppholdsrommet" i magen, kva er viktigast?

Material valg : cor-ten stål i den største kyra og støypt aluminium i kalven. Cor-ten stål har den eigenskapen at rust stoppar i overflata, om ein overflatebehandlar med ovatrol eller liknande får stålet ei gyllen overflate. Aluminiumen kan fargast, malast, og etterpå børste fram ei skinande overflate, om ein i tillegg lakkar overflata så held glansen seg lenge.

Belysning er ein viktig del av skulpturen, som blikkfang mot vegen, folket og dei reisande .

Plasseringa av lyskjelde: innvendig i taket (magen) ei rekke med diode lys som lyser mot aluminiums kalven, dette kan bli magisk.

Lys i auge på kyra, der foreslår eg eit røyr i rustfritt stål som stikk ut eit par centimeter for å unngå korusjon, røyret må polerast innvendig for å oppnå mest mulig effekt av lyset.

Helsing, Geir S. Hjetland

